

Referat frå møte med referansegruppa barnehage- og skolestrukturplan 27.10.2025

Til stades: Linda Hanevik, Nils Petter Freim, Bjørg Larsson, Margot Helene Backer Owe, Marit Jensen Måkestad, Geir Utne, Wenche Jordal, Marit Langås, Anna Maria Kråkevik og Ole Jørgen Jondahl.

Meldt fråfall: Mari Svartveit Hansen og Lars Olav Tverberg (vara: Linda Hanevik)

Saker:

Gjennomgang av politisk vedtak:

Kommunestyret vedtek at desse områda skal gjerast greie for i planen:

- ei fullstendig oversikt over tal på skuleelever fram til skuleåret 2030-2031
- ei oversikt over no-situasjonen og behov ved den enkelte skule
- ei oversikt over gjeldande skulekrinsgrenser og problemstillingar i høve dette
- ei skildring om mogleg framtidig skulestruktur og innsparing
- ein skal sjå på barnehagestruktur, moglegheit for oppvekstsenter og SFO-tilbodet parallelt med skulestrukturplanen.


Gjennomgang av framdriftsplan for prosess og involvering.

- Framdriftsplanen ligg på Ullensvang kommune si nettsida

Administrasjonen har satt saman ei arbeidsgruppa med kommunalsjef for oppvekst og utdanning, Anna Maria Kråkevik, som leiar, og medlem av gruppa er rådgjevar frå ppt og logopedkontoret Dagny Haara, sektorleiar skule Marit O Langås og sektorleiar barnehage Wenche Jordal.

Folkemøte er gjennomført 01.10.25. Det var kring 50 til 60 som møtte opp i Odda kino.

Første møte i utvida arbeidsgruppe er satt opp 06.11.25. Invitert inn i gruppa den dagen er Wermund Vetrhus frå samfunnsutvikling og plan.



Runde på forventningsavklaring. Oppsummeringsvist var desse punkta nemnde:

- Få innsikt i fakta og moglegheiter/avgrensingar i økonomi, demografi, kompetanse, ressursutnytting, geografi og transportmessige faktorar.
- Politisk dagsorden i referansegruppa: finne løysingar i lag og inkludera innbyggjarane, også barna/elevane.
- Ha fokus på heilskapen i kommunen

Runde på utfordringar i forhold til struktur.

- **Demografi:** Kartlegging av befolkningsutviklinga i ulike tettstader i kommunen, med fokus på prognoser for skule- og barnehagebarn fram i tid.
- **Geografiske og transportmessige faktorar:** Vurdering av barnehagens plassering, og i kva retning foreldra køyrer for å koma på arbeid. Vurdering av skulen si plassering og elevane si reisetid.
- **Kvalitet, kompetanse og rekruttering:** I kva grad oppfyller barnehagene og skule gjeldande krav til kompetanse.
- **Økonomi/Ressursutnytting:** Vi drifter ved bruk av fond. Tal elevar pr lærar i Ullensvang, norm og tal elevar i snitt i landet.
- **Bygg.** Vi har store og gamle bygg med vedlikeholdsbehov. Det er også behov for andre rom nå enn før, da undervisningen krever mer i bygget.
- **Yngrebølgen:** Vi har 35 barn med livsvarige store sammensatte behov i Ullensvang kommune. Vi bruker ca 35 - 40 mill. på yngrebølgen på lovpålagte oppgaver.
- **Barnets stemme:** Barns beste må med i planen.

